



JULAFTAN

- 1 Gudsteneste på julaftan følger ordninga Familiegudsteneste eller eiga ordning for dagen.
- 2 Når julaftan fell på ein sundag, kan gudstenesta med samtykke frå biskopen verta lagd til den tida som høver på kvar einskild stad.

Truvedkjenninga i denne ordninga er oppdatert etter Kyrkjemøtet i 2024 og Fadervår er frå 2011.

1 | Preludium

Preludiet kan vera eit eige orgelstykke og/ eller korsong/ instrumentalmusikk.

2 | Inngang

Inngangssalme

Inngangsord

Anten **A**

L vend mot kyrkjelyden | Kjære kyrkjelyd. Nåde vere med dykk og fred frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus.

Eller **B**

L vend mot kyrkjelyden | I namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande.

Etter inngangsorda kan liturgen kort seia noko om det som er særmerkt for dagen, og om gudstenesta som følgjer,

3 | Kollektbøn

L vend mot kyrkjelyden | Lat oss alle be.

L vend mot altaret | Herre Gud, himmelske Far, vi takkar deg fordi du sende Son din til verda for å fria oss ut frå mørkers makt. Gjev oss å leva i hans ljøs og bera budskapen om han vidare til alle som sit i mørker og dødsskugge, så den store gleda kan nå fram til alle folkeslag, ved Son din, Jesus Kristus, vår Herre, som med deg og Den Heilage Ande lever og råder, ein sann Gud frå æve og til æve.

K | Amen.

Kollektbøna kan messast

4 | Lovsong

L eller F *syng* | Ære vere Gud i det høgste.

K *syng* | **Og fred på jorda hjå menneske som Gud har hugnad i. Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg. Amen.**

5 | Tekstlesing

L | Det står skrive hjå profeten Mika i det 5. kapitlet.

Kyrkjelyden reiser seg.

Mika 5,1-4a vert lese frå «Tekstane i kyrkjeåret».

Tekstlesinga sluttar med

Slik lyder Herrens ord.

Kyrkjelyden set seg.

6 | Salme før preika

7 | Preike

L | Dette heilage evangeliet står skrive hjå evangelisten Lukas i det 2. kapitlet.

Kyrkjelyden reiser seg.

Luk 2,1-14 vert lese frå «Tekstane i kyrkjeåret».

Tekstlesinga kan slutta med

Slik lyder Herrens ord.

Kyrkjelyden set seg.

Preika sluttar med lovprisinga

Ære vere Faderen og Sonen og Den Heilage Ande, som var og er og vera skal ein sann Gud frå æve og til æve.

8 | Truvedkjenning

L | Lat oss vedkjennast vår heilage tru.

K *reiser seg* | **Eg trur på Gud Fader, den allmektige, skapar av himmel og jord.**

Eg trur på Jesus Kristus, Guds einborne Son, vår Herre, som vart avla ved Den Heilage Ande, fødd av Maria møy, pint under Pontius Pilatus, vart krossfest, døydde og vart gravlagd, for ned til dødsriket, stod opp frå dei

døde tredje dagen, for opp til himmelen, sit ved høgre handa åt Gud, den allmechtige Fader, skal koma att derifrå og døma levande og døde.

Eg trur på Den Heilage Ande, ei heilag, allmenn kyrkje, eit samfunn av dei heilage, forlating for syndene, oppstoda av lekamen og evig liv. Amen.

DEN APOSTOLISKE TRUVEDKJENNINGA

Kyrkjelyden set seg.

9 | Salme

Her følgjer eventuelt

10 | Kunngjeringar

11 | Forbøn eller takkebøn

Den følgjande høna er eit døme på ei slik bøn.

Takk, Herre Jesus, for at du vart menneske, fødd som eit barn i Betlehem. Då vart du som ein av oss. Takk for at du var så glad i oss at du ville vera saman med oss. Takk for at du har gjort det slik at kvar den som trur på deg, skal ha evig liv og vera saman med deg alltid.

Vi ynskjer og bed at fleire og fleire må bli glade i deg og få hug til å likna deg. Hjelp oss så alle folk på jorda må få høyra om deg.

Men det er så mange som har det vondt i verda. Lat alle som kjenner deg, bli ivrige etter å vera dine hjelpande hen- der. Tenk i dag særskilt på alle born som lid naud og er red- de.

Kjære Jesus, takk for at vi får halda jul med ljøs og glede og gåver. Lat oss ikkje gløyma at det er du som er den store gáva. Du som vart lagd i krubba, skal få rom i hjarta vårt. Takk for at du er komen og vil vera frelsaren vår. Lat våre tankar samlast om deg, Herre Jesus.

Ein kan og formulera ei kort bøn sjølv, skriftleg og med korte og enkle setningar.
Bøna kan og falla bort.

12 | Herrens bøn

L | Lat oss saman be den bøna Jesus har lært oss.

A | Vår Far i himmelen!

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

**Gjev oss i dag vårt daglege brød,
og tilgjev oss vår skuld,**

**slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.
Og lat oss ikkje koma i freisting,
men frels oss frå det vonde.
For riket er ditt, og makta og æra i all æve.
Amen**

Ein kan og nytta [Fadervår frå 1985](#) eller [Fadervår frå 1938](#)

13 | Slutningssalme

14 | Velsigning

Anten **A**

L eller F syng vend mot kyrkjelyden | Lat oss prisa Herren.
Kyrkjelyden reiser seg og vert ståande til postludiet tek til.

K | Gud vere lova. Halleluja. Halleluja. Halleluja.

Eller **B**

L vend mot kyrkjelyden | Ta imot velsigninga.
Kyrkjelyden reiser seg og vert ståande til postludiet tek til.

L syng | Herren velsigne deg og vare deg.
Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig.
Herren lyfte sitt åsyn på deg og gjeve deg fred. ✠

K | Amen. Amen. Amen.

Under den stille bønna som følgjer, slår ein tre gonger tre slag med ei av kyrkjeklokkene.

L kan her halda fram | Gå i fred. Ten Herren med glede.

15 | Postludium

Postludiet kan vera eit eige orgelstykke og/ eller korsong/ instrumentalmusikk.

Når det er takkoffer, kjem det til vanleg her.